

LUSTER OPPVEKSTSENTER -BARNEHAGE-

ÅRSPLAN 2013-2014



Visjon: Med barna bygger vi framtida



Luster Kommune



Lov om barnehage §2 pålegg barnehagen å utarbeide ein årsplan. Årsplanen blir laga med utgangspunkt i **Barnehagelova** og **Rammeplan** (Kunnskapsdepartementet 2011), og skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i oppvekstsenteret.

Ein årsplan er eit arbeidsreiskap for personalet til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning. Den er eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen; og gir kommunen, politikarane, samarbeidspartar og andre interesserte informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Årsplanen må sjåast i samanheng med månadsplanane til barnehagen. Desse inneheld meir detaljert informasjon om aktivitetar og opplegg; korleis måla i årsplanen skal bli nådd. Anna relevant informasjon, sånn som t.d. vedtekter, søknadsfristar og betalingsssatsar, finn ein på heimesida til Luster kommune.

Vi vil gjerne ha tilbakemeldingar på arbeidet vi gjer i barnehagen, både ris og ros. På den måten kan vi saman få til den gode barnehagen som vi alle ynskjer at barna skal ha. Vi håper på eit godt samarbeid i året som kjem!


Helsing

Elisabeth Norman

- Rektor/ styrar -

Lena Stai Bolstad

- ass. Rektor/ styrar -



Barnegruppa

Pr 15. september 2013 er det 23 barn i barnehagen, 9 gutar og 14 jenter.

Søtekruse: 15 stk født i 2008-2010.

Løvetann: 8 stk født i 2011-2013.

Personale

Elisabeth Norman	Rektor/ styrar	tlf. 959 75 800
Lena Stai Bolstad	Ass rektor/ styrar (fri ons)	tlf. 909 29 152
Turid Melheim	ped.leiar	tlf. 915 94 376
Lena Skare	ped.leiar	tlf. 920 45 862
Evy Alme	assistent	tlf. 950 76 375
Anita Feet	assistent	tlf. 917 42 591
Lene Fuglesteg	assistent	tlf. 476 40 538
Bente Beddari	assistent	tlf. 905 96 939

Foreldrerepresentantar

Samarbeid med barnets heim skal ligge til grunn for verksemda.

Leiar: Beate Stuppelshaug Vigdal

Nestleiar: Heidi Alme

Vara: Dominik Dressel og Sima Therese Førde

Samarbeidsutval (SU)

Rektor/ styrar har møte- og uttalerett, ikkje stemmerett i SU.

Representantar frå barnehagen er:

Foreldre: Beate Stuppelshaug Vigdal og Heidi Alme

Vara: Dominik Dressel og Sima Therese Førde

Personalet: Lena Stai Bolstad og Evy Alme

Vara: Lena Skare og Lene Fuglesteg

Planleggingsdagar


7. oktober, 2. januar, 4. april,
13. august og 14. august

Feriestengd

Barnehagen er feriestengd dei
siste to vekene i fellesferien,
jamf. vedtektene §11.

I 2014: veke 29 og 30.





DAGSRYTME

7.00	Barnehagen opnar
7.30-8.30	Frukost; felles på Søtekruse alle dagar
9.15	Evnt ei lita samling og mini-røris Frileik/ faggrupper/ ulike aktivitetar
11.00	Samlingsstund/ bursdagssamling
11.30	Lunsj
12.15	Kvilestund/ soving
13.00	Uteleik
14.15	Fruktmlåtid og vatn
16.00	Barnehagen stenger



Felles frukost


I barnehagen har vi ingen obligatorisk tid, men vi vil gjera merksam på at dei fleste aktivitetane startar opp ca kl 9.15. Dersom vi skal ha ein aktivitet som startar opp før kl 09.15 eller sluttar etter kl 14.00 så vil det stå på månadsplanen, på tavla i garderoben eller barna får lappar med seg heim. Ved eventuelle spontane turar set vi opp lapp på ytterdøra om kvar vi er.

Tradisjonar

Tradisjonar er ein stor del av det gjennomgåande innhaldet i barnehagen, og vi meiner dei er viktige å føre vidare. Vi har t.d. Forutkafe, ”julebord,” utkledningsdag, påskefrukost og besteforeldredag. Andre aktivitetar som har blitt ein tradisjon er t.d. hogge juletre, ruskedag og sykkeldag. For barna er ofte dei små tradisjonane i kvardagen like spennande som dei store festane, og dei ser fram til å bli så stor at det t.d. er deira tur til å vere i ballbingen utan ein vaksen.

Bursdagsfeiring er ein sentral tradisjon, som barna har store forventningar til. Denne dagen er det bursdagsbarnet som står i sentrum, og ofte nyte dei det til fulle. Det viser kor viktig det er at ein får positiv merksemd rundt seg sjølv som den ein er. I samlingsstunda tenner vi lys og syng, sender opp rakettar og vi har ein bursdagsleik som bursdagsbarnet har valgt. Barnet trer og ei ny kule på snora si. Rett etter lunsj kosar vi oss med noko som barnet har med seg. Vi oppfordrar alle foreldra om å ta med sunn bursdagsmat. Vi vil og markere bursdagen til dei vaksne; dette fordi barna har etterlyst det og fordi barna har godt av å sjå at dei vaksne og er i fokus av og til.





OMSORG OG DANNING

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehageloven §1).

Danning i barnehagen har som mål at barn skal bli sjølvstendige og trygge på seg sjølve som individ og på sin personlege og kulturelle identitet. Danning kan ein beskriva som ein kombinasjon av kunnskap og sosial kompetanse. Ein kan og kalla det for ”god folkeskikk.” I tillegg til manerar og folkeskikk, innbefattar danningbegrepet rett og slett forming av eit menneske sin personlegdom; og tankar rundt kva slags menneske ein ynskjer å vera.


Danning er ein livslang prosess. Barn må få utfordringar, sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter og støtte for å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngeve val. I barnehagen er gjensidige samhandlingsprosessar med barn og vaksne i lek og læring og omsynet til kvarandre føresetnader for danninga til barnet.



Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna, og om barna sin omsorg for kvarandre. Intensjonen er utvikling av trivsel, tryggleik og tilhøyrighet. Moglegheita for å kunne gje og ta imot omsorg er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse.



For barnehagen er det ei primæroppgåve å gi omsorg og nærleik, og sørge for at barna ut frå alder og individuelle føresetnader blir møtt med lydhørheit, innleving og vilje til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonane i kvardagslivet og koma til uttrykk når barna leiker og lærer, i stell, måltider og påkledning. Det ligg mykje omsorg i å gje barn varierte utfordringar og rom for meningsfylte aktivitetar. Det krev at personalet viser merksemd og er open overfor det unike hjå kvart enkelt barn og det unike i situasjonen og i gruppa.



LEIK OG LÆRING

Leiken er ein av barns viktigaste uttrykksformer og har ein sjølvskriven og viktig plass i barnehagen. Vi skal bidra til den gode barndommen ved å gi alle barn høve til å leike. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt. Barna skal få oppleve leik både som eigenverdi og som grunnlag for seinare meistring av oppgåver og utvikling av evna til å ta ansvar for seg sjølv og andre.

Personalet må vere tilgjengeleg for ungene ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken. For dei eldre er det viktig at den vaksne er tilgjengeleg og kan løyse konflikhtar og vidareutvikle leiken når ungene treng det, gi dei nye idear og opplevingar, og ikkje minst det å samhandle fleire ilag. For dei minste vil det vere viktig å ha ein vaksen nær for å gi tryggleik og støtte. Den vaksne oppmuntrar til aktivitet og fellesskap.

Leik er ein av barnas viktigaste læringsarenaer. Barn leiker i utgangspunktet for å leike, men jo eldre barna blir, jo meir vil de danne seg et læringsmotiv i leiken. Leiken har stor betydning for barna sin følelsemessige utvikling, for å utvikle empati og ikkje minst for å utvikle et rikt og allsidig språk.



Læring føregår i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet, og skal vere nært samanvevd med omsorg, leik og danning. Barn skaffar seg kunnskap og innsikt gjennom alt dei opplever og erfarer på alle områder. Skal optimal læring og utvikling finne stad, må barna vere trygge og trivast.

Barnehagen skal vere retningsgivande for den breie kompetansen det enkelte barnet seinare skal vidareutvikle. Samtidig skal barnet sjølv ha høve til å søkje erfaringar og opplevingar åleine og i samspel med andre. Gjennom utforsking og samtale skaffar barn seg kunnskap og innsikt på mange område.



Dei sju fagområda må knyttast til både formelle og uformelle lærings situasjonar i barnehagen. Barna sine egne interesser og spørsmål bør danne grunnlaget for læringsprosesser og temaer i barnehagen.

BARN SIN MEDVERKNAD

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglige virksomhet, og de skal jevnlig få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si virksomhet. Barnehageloven §3 tredje ledd presiserer at barnet sitt synspunkt skal tilleggjast vekt i samsvar med barnet sin alder og modenheit.

FN sin barnekonvensjon legg vekt på at barn har rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeld dei, og at meiningane til barn skal telje. Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen. Samtidig må dei støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre.

Barn må få støtte til å undra seg og stille spørsmål. Det handlar om å verta spurd, lytta til og møtt med respekt. Barna skal bli møtt av vaksne som er opne for barna sine innspel. Dei yngste barna formidlar sine synspunkt ved kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk.

Den pedagogiske verksemda må organiserast og planleggjast slik at det blir tid og rom for barna til å medverke. Det må og vere god kommunikasjon mellom barna og personalet, og mellom personalet og foreldra.

I barnehagen kjem vi til å fortsette å jobbe for at ungane sine meiningar skal vektleggast. Det inneber at ungane skal bli høyrde i kvardagen. Har ungane innspel og ynskjer, skal dei takast med i planlegginga i den grad det er mogleg. Eit månadstema bør berre grovplanleggjast, resten bli til undervegs.


I barnehagen har vi eit barnehageråd som består av dei eldste i barnehagen (blå gruppe). Rådet er med på å bestemme varm mat, turmål, og påverke aktivitetane i barnehagen. Vi vil ha barnehageråd ein gong i månaden.

Eksemplar på medverknad:

- Gje barna val i kvardagen
- Barnehageråd
- Ordensvakta er med å bestemmer litt i løpet av dagen.
- Gje barna tid til å "klare sjølv," bli sjølvstendige
- Prøve å følgje opp innspel frå barna i kvardagen og i arbeid med tema
- Bursdagsbarnet får bestemma ein aktivitet



Demokratisk val av aktivitet



DEI 7 FAGOMRÅDA

Rammeplanen for barnehagen gjev oss 7 fagområdar som vi skal jobbe med. Kwart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt. Fleire område er ofte representerte samtidig i eit temaopplegg, i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet. I sosialt samspel i leik og i kvardagsaktivitetar skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knytt til fagområda. At barn får rike fellesopplevingar og del i kunnskapar på mange område, er og ein føresetnad for at det skal bli god leik og eit godt samspel mellom barna.

Arbeidet med fagområda må tilpassast alderen og interessene til barna, gruppesamansetjinga og andre føresetnader. Lærestoffet, arbeidsmåtene, utstyret og organiseringa må leggjast til rette ut frå barn sine ulike behov. Alle skal få høve til å møte utfordringar som svarar til det utviklingsnivået dei er på.

I løpet av tre år skal vi ha hovudfokus på kvart av dei sju fagområda. Dette året vil vi jobbe mest med:

- ***Kommunikasjon, språk og tekst***
- ***Kropp, rørsle og helse***

2014-2015

- Tal, rom og form
- Kunst, kultur og kreativitet

2015-2016

- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Vask av akvariet på Løvetann




Vi har laga oss ein temaplan som utgangspunkt for arbeidet med dei to fagområda. Vi ynskjer å jobbe prosjektorientert, og vil utvikle kvart tema i saman med barn og foreldre. Viser til oversikta på neste side.

Kroppen min

Brann (Eldar og Vanja)



	TEMA	TRADISJONAR
AUG	Tilvenning Oppstart fiskesprell og Mini-røris (sunt kosthald)	
SEP	Brann (Eldar og Vanja) Kroppen min Oppsart Huttiheiti/ Stuppelshagen	Hausttur 5.9, Foreldremøte 12.9 FAU-møte 17.9, SU-møte 23.9
OKT	Forut: Landsbybarna i Malawi Skrivedans (blå gruppe) Haust	Forutkafè 24.10 Foreldresamtalar (okt+nov)
NOV	Sansane våre Juleforberedelsar	6.-7. kl i "jobber" i barnehagen Hogge juletre (2008) 25.11 Tenne julegrana 28.11
DES	Advent og jul	Julegraut 5.12, Julelunsj 10.12, Lucia 13.12, Julefest 17.12, Barnegudstjenste 18.12, Leite etter nissen 19.12,
JAN	Eventyr Språkleik Gymsal Vinter	Overgangssamtalar 5. kl lesegruppe
FEB	Eventyr Språkleik Gymsal Vinter	Ski/ akedag Bygdakafè Utkledningsdag
MARS	Kroppen vår innvendig Skrivedans (blå gruppe)	Foreldremøte Kyrkjebesøk (2008 og 11)
APRIL	Påske Tenner Vår	Påskefrukost 10.4 Besøk av presten Foreldresamtalar Ruskedag uke 18
MAI	17. mai Avslutte tema om kroppen og sansane Songleikar	Besteforeldredag 9. mai Sykkeldag
JUNI/ JULI	Sommar	Sommartur Museet uke 25 Avslutningstur 2008 Sommarfest



KROPP, RØRSLE OG HELSE

I småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølve å kjenne. Ved sanseintrykk og rørsle skaffar barn seg erfaring, dugleik og kunnskap på mange område. Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er viktig for å utvikle ein sunn kropp. Aktiv bruk av natur og nærmiljø gir mange moglegheiter.


Barnehagen skal bidra til at barna:

- får ei positiv sjølvoppfatning gjennom positiv meistring.
- skaffar seg gode erfaringar med varierte og allsidige rørsler og utfordringar.
- vidareutviklar kroppskontrollen, grovmotorikken, finmotorikken, rytmen og den motoriske kjensleevna.
- får gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til alle årstider.
- utviklar glede over å bruke naturen til utforsking og kroppslege utfordringar og får forståing av korleis ein bruker og samtidig tek vare på miljøet og naturen.
- utviklar forståing og respekt for sin eigen og andre sin kropp og for at alle er forskjellige.
- får kunnskap om menneskekroppen og forståing for kor viktig det er med gode vanar og eit sunt kosthald.

Sunt kosthald/ fiskesprell: vi har i mange år hatt fokus på sunt kosthald. Vi har kutta ut saft og søte pålegg, og fokuserer på sunn mat, grovt brød, og vatn som tørstedrikke. Vi vil og halde fram med å være ein fiskesprell-barnehage. Det vil sei at fisk og anna sjømat skal inngå i det daglege mattilbodet i barnehagen. Ein dag i veka vil vi ha kun fiskepålegg til lunsj, og det vil vere fisk til varmmat ein gong pr mnd.



Mini-Røris: er lystbetont trening for barn mellom tre og seks år. Det er moro, enkelt og variert. Det er oppdelt i fem deler; start, leik på golvet, opp og hopp, nedtrapping og kvile. Søtekruse kjem til å ha mini-røris fleire gonger i veka, alt etter anna opplegg. Løvetann vil delta av og til på deira måte.



Friluftsliv/motorikk

Variert fysisk aktivitet både ute og inne har svært mykje å seie for utviklinga av motorisk dugleik og kroppskontroll. Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vær. Den stimulerer fantasien og spørjelysta hjå barna og tilfredsstillar trongen til å røra på seg.



Vi kjem stort sett til å bruke Stuppelshagen med dei minste, og Huttiheiti med dei største. Her kan vi fylgje med på dei endringane som skjer i naturen gjennom året. Vi kan leike, eta maten vår og gå på oppdagingsferdar. I Huttiheiti har vi ein gapahuk og ei grue som vi kan lage oss varm mat på.

Vi vil ha minimum to tur dagar kvar månad, delt eller heil gruppe. Dei sett vi opp på månadsplan. Vi prøver og å ta spontane turar i nærmiljøet når det passar. På nokon turar køyrer vi buss eller bil. Vi bruker og gymsalen mykje, spesielt på vinteren.



Løvetann: små barn oppheld seg på golvplan og der er dei vaksne og. Barn skal få ei positiv sjølvkjensle, og ein tilrettelegg aktivitet som dei minste kan meistre. Vi går turar i nærområdet for å skaffe dei utfordringar vi ikkje får innan barnehagen sitt område. Vi syng og snakkar om kroppen, og brukar ”minirøris” når det passar seg slik.

Søtekruse: vi er mykje ute, og minst to gonger i månaden reiser vi i Huttiheiti eller på tur. Gymsal, mini-røris, fiskesprell, rørslesong, songleik og dans er noko vi jamleg driv med. Perling, klipping, veving og andre bordaktivitetar, samt bygge- og konstruksjonsleik driv vi med heile tida. Menneskekroppen vår skal vi bli kjent med gjennom å jobba med kroppen vår utvendig, dei fem sansane våre, kroppen vår innvendig og tennene våre.




KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Kommunikasjon skjer i eit vekselspel mellom å ta imot og tolke ein bodskap og å sjølv vera avsendar av ein bodskap. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Å få varierte og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk.

Barnehagen skal bidra til at barna:

- lyttar, observerar og gir respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne.
- vidareutviklar omgrepsforståinga og brukar eit variert ordforråd.
- brukar språket for å uttrykke kjensler, ønske og erfaringar, til å løyse konflikhtar og til å skape positive relasjonar i leik og anna samvær.
- får eit positivt forhold til tekst og bilete som kjelde til estetiske opplevingar og kunnskapar, samtalar og som inspirasjon til fabulering og nyskaping.
- lyttar til lydar og rytme i språket og blir fortrulege med symbol som tal og bokstavar.
- bli kjende med bøker, songar, bilete, media o.a.

Løvetann: vi øver på språket gjennom song, og at vi snakkar om det vi held på med. Vi gir mening til barn sine opplevingar, prøver å forstå det barna vil formidle og setje ord på det. Vi brukar peikebøker og barna skal oppleve gleda av å bli lest for. Bruk av rim og regler, enkle eventyr/ forteljingar og dramatisering.



Søtekruse: kvar dag jobbar vi med å bruka språket aktivt og få til gode og gjensidige samtalar. Godt samspel, meistring av leikekodar og verbal konfliktløysing er ein viktig del av kvardagen. Tal og bokstavar brukar vi aktivt i samlingsstund og det er synleg i tale- og skriftspråket vårt på avdelinga. Jamleg jobbar vi med song, omgrepforståing og høgtlesing.

Gjennom det språkstimulerande opplegget "Språkleik" skal vi øva oss på lytting, munn gymnastikk, eventyr/forteljing, omgrep og rim. I tillegg skal vi fordjupa oss i eit eventyr.



GJENNOMGÅANDE INNHALD

	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
Blå -08	5 årsklubb	Leikegruppe		Faggruppe	
Rød -09		Leikegruppe		Faggruppe	
Gul -10		Leikegruppe		Faggruppe	
Grønn 11-13		Leikegruppe		Faggruppe	

Siste torsdag i månaden reiser ei gruppe på besøk på omsorgssenteret.

Leikegrupper

Leikegrupper er ein strukturert måte å jobbe med leik på som samtidig ivaretek leikens eigenskaper.

Målsetjinga er å utvikle vennskap og leik-

kompetanse. Kor lenge gruppa skal vare, kven som er saman og kva dei skal leike vil variere frå gong til gong. Små grupper gir dei voksne større oversikt og moglegheit til å vera delaktig og hjelpe til i leiken.

Leik er eit satsingsområde i utviklingsplanen til barnehagen.



Faggrupper

På torsdagar vil vi dele barna i grupper ut frå alder, slik at vi kan tilpasse aktiviteten til barna sitt nivå og forutsetningar. På denne måten sikrar vi oss og progresjon i arbeidet, dvs at alle i løpet av dei åra dei går i barnehagen skal vera innom visst mykje på dei ulike fagområda.

5-årsklubb

Dei som går siste året i barnehagen har 5-årsklubb kvar veke. Her jobbar vi med konsentrasjon, utholdenheit og begrepstrening. Vi vil drive med aktivitetar som t.d. skrivedans, bake, IKT, barnehageråd, teikne og skrive.

Heimeside

Luster oppvekstsenter har felles heimeside. Her legger vi ut månadsplanane, oppskrifter, bilete, og ellers informasjon om ting som skal skje og veka som har vore. Sida er stadig under utvikling, og vi håpar at den skal bli informativ og god, og at de foreldre kan finna mykje nyttig informasjon der.

Utviklingsplan

I mars 2013 gjennomførte barnehagen ei Ståstadanalyse. Ut frå den skulle barnehagen velje tre områder som vi ville jobbe vidare med. Vi valde leik, medbestemmelse og overgang barnehage/ skule. Vi skal jobbe vidare med mål og tiltaksplan.

DOKUMENTASJON OG VURDERING

Pedagogisk dokumentasjon

Pedagogisk dokumentasjon handlar om å reflektera over praksis, saman med personalet, barna og foreldra. Det barnet lærar og læringsprosessen skal vera i fokus. Det handlar om å sjå og lytta til barnet, ha fokus på det positive framfor det negative.

Pedagogisk dokumentasjon kan vera t.d. teikning, formingsprodukt, praksisforteljingar, bilde, video og barnas forteljingar. Ein startar med ein av desse tinga og fyller på med fleire etter kvart. Slik får ein fram erfaringar og tankar, og barna kan fortsetta si tenkning og læring. Ein får eit rikare register å spela på og eit grunnlag for vidare planlegging og vurdering.

Vi må ha eit bevisst forhold til kvifor vi dokumenterer, og kva den skal brukast til. Eit etisk perspektiv må leggjast til grunn når ein dokumenterer, ikkje alt barna seier og gjer bør bli observert og vurdert skriftleg.

Vi dokumenterer blant anna gjennom korte dagsrapportar på tavla i garderoben, bilete frå turar, aktivitetar og kvardagslivet, barnas produkt, månadsplanar, korte nyhetsoppdateringar på heimesida og bilete, teikningar og ulike ting frå barna si tid blir samla i ein perm som barna får med seg den dagen dei sluttar.

Vurdering

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom alle i barnehagen er ein av dei



Mange på Søtekruse har laga seg sjølv i kitt


viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. Arbeidet til barnehagen skal skildrast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelova og rammeplanen. Erfaringane og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Informasjon og dokumentasjon skal gje grunnlag for refleksjon og diskusjonar i personalgruppa og med barn og foreldre. Resultatet av vurderingane er grunnlaget for den neste årsplanen.

Kven og korleis:

Foreldra: tilbakemeldingar på foreldresamtalar og foreldremøte, brukerundersøking og den daglege kontakten

Barna: barnehagerådet, observasjonar og samtale

Personalet: drøftingar på personalmøte og planleggingsdagar, observasjonar, praksisforteljingar, medarbeidarsamtalar.



SAMARBEID

Luster oppvekstsenter

Personale har i fellesskap laga ein plan over aktivitetar vi vil samarbeide om i løpet av året; td. 2 bygdakafear, felles turar, sykkeldag og ruskedag, skuleungar les for oss og ”jobbar” i barnehagen etc. Vi har felles foreldremøte, og nokon av personalmøtane og deler av planleggingsdagane vil bli felles for personalet. Sjå eigen plan på oppvekstsenteret si heimeside.

Det er viktig for oss å ikkje gape over for mykje dei første åra. Vi må bruke litt tid på å bli kjent med kvarandre og finne ut kva vi vil samarbeide om på sikt. Betre samarbeid er eit mål i utviklingsplanen til oppvekstsenteret.

Overgang barnehage - skule

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til fyrste klasse. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Det må leggjast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, gleda seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.

I løpet av våren har vi ein foreldresamtale der vi går igjennom eit eige skjema i forhold til overgangen. Ingen opplysningar blir gitt utan foreldra sitt samtykke. Luster kommune har ein eigen plan for overgangen barnehage skule som vi følgjer. Den ligg på heimesida til kommunen.

I tillegg til førskuledagane på våren samarbeider 1.-2. klasse og blå gruppe om minst ein aktivitet kvar månad. Det kan være t.d. å besøke kvarandre, felles turar, skidag, juleverkstad osv.



Blå gruppe og skulen på Svarthiller

Andre samarbeidspartar

Vi samarbeider med andre hjelpeinstansar ved behov:

PPT, BUP, barnevernet, helsestasjonen, fysioterapeut, andre barnehagar, HSP team (helse, sosial og psykisk helse).

Ved samarbeid må ein følgje føresegnene om teie- og opplysningsplikt.



Luster oppvekstsenter
6872 Luster

57 68 59 35 barnehage
lena.stai.bolstad@luster.kommune.no
57 68 59 20 skule
elisabeth.marie.norman@luster.kommune.no

<http://www.luster.kommune.no/luster>